



Voss herad

KUNNSKAPSGRUNNLAG

TIL SAK OM BARNEHAGESTRUKTUR – VÅREN 2025

Innholdsliste:

- [Overordna utviklingstrekk](#)
- [Status Vossabarnehagen](#)
- [Kva er kvalitet i barnehagen?](#)
 - [Struktur- prosess- og resultatkvalitet](#)
 - [Barnehagestørrelse og kvalitet](#)
- [Kompetanse og bemanning](#)
- [Økonomi](#)
- [Medverknad](#)



OVERORDNA UTVIKLINGSTREKK

Demografi I

I SSB sitt hovudalternativ er det forventa befolkningsauke på om lag 5,1% i Noreg som heilskap. I Vestland fylke er det forventa ein noko lågare vekst på omlag 3,1%

I følge NAV sitt demografiverktøy vil Voss, innan utgangen av 2035, få:

- Ein auke på 0,5 % barn og unge (0 -19 år)
- Ein auke på 2,8% vaksne i arbeidsfør alder (20 – 66 år)
- Ein auke på 15,5% eldre (67 år og oppover)



19 flere barn og unge




255 flere i yrkesaktiv alder (20 - 66 år)




524 flere eldre (67 år og oppover)

På Voss er det forventa at 70% av veksten vil skje i sentrumsområdet, og dei resterande 30% vert fordelt i resten av heradet.



Befolkningsauke i dei fleste skulekrinsane sidan 2010




..men kva er grunnen til oppgong eller nedgong i dei ulike krinsane?

Demografi II

Illustrasjonen kjem frå LÉVA-rapporten som er bestilt i høve revisjon av kommuneplanen. Den viser oppgang og nedgang i befolkninga over dei siste 15 åra.

2050: befolkningsvekst & høg andel eldre

- Utfordringar knytt til bustad, arbeidskraft, skatteinntektar, mm.
- Korleis planleggje og motverke dei store demografiske prognosane?




Demografi III

Samstundes er det viktig å ha med seg at me vert færre i yrkesaktiv alder, sett i forhold til ein aldrande befolkning.



STATUS VOSSABARNEHAGEN


Vossabarnehagane i dag



Område	Barnehagar	Tal barn pr 15.12.24
Vest	Bolstad, kommunal	16
	Evanger, kommunal	14
	Bulken, kommunal	30
Sentrum	Hagahaugen, kommunal	32
	Klausabakken, kommunal	128
	Rogne, privat	18
	Voss, kommunal	101
	Tvildemoen, privat	98
	Vonheim open barnehage, privat	40
Gjernes skulekrins	Gjernes, kommunal	32
	Bordalen, privat	17
Skulestad skulekrins	Skulestad, privat	78
Palmafossen skulekrins	Kløve, kommunal	25
	Regnbogen, privat	58
Bjørgum skulekrins	Bjørgamarka, kommunal	48
	Mønshaugen, privat	15
Granvin	Tueteigen, kommunal	55
Vossestrand	Hauge, kommunal	12
	Sundve FUS, privat	47

Tal barn i dei kommunale barnehagane på Voss, barnehageåret 2024/2025 og hausten 2025

9



Totalt var det 493 barn i dei kommunale barnehagane i 2024/2025, og 499 barn for hausten 2025.


Søkjarmasse barnehage

- I samsvar med barnehagelova har alle barn som fyller eitt år innan november året før, rett til barnehageplass i heradet. Dei må òg ha søkt om plass innan søknadsfristen og barnet må vera busett i heradet. Heradet er plikta å tilby barnehageplass til barna som har rett på det.
- I samsvar med barnehagelova § 17, er det felles opptak for kommunale og private barnehagar. For å sikra likebehandling av barn, og av kommunale og private barnehagar, er heradet som barnehagemynde ansvarleg for barnehageopptaket. Søknadsfrist til hovudopptaket, og for tildeling av barnehageplassar frå 15.august, er 1. mars.
- Tabell: Tal søkjarar ved hovudopptaket

Tal søkjarar ved hovudopptaket 2025	
Nye søkjarar til hovudopptaket	190
Søknadar om byte av barnehageplass	112
Totalt tal søkjarar til barnehageplass	302

- Dei siste åra har alle med rett til barnehageplass fått tilbod om barnehageplass ved hovudopptaket. Ikkje alle har fått plass i barnehagane dei har prioritert, men har då fått tilbod i annan barnehage i heradet. I følgje vedtektene for kommunale barnehagar, har føresette rett til grunngjeving om dei ikkje får tildelt barnehageplass i barnehagane dei har prioritert som nr 1. eller 2. I 2025 har me ikkje fått klage i høve tildelt barnehageplass, medan me både i 2023 og 2024 fekk ein klage til handsaming. Klagenemnda gav oss medhald i begge sakene. Etter hovudopptaket har me siste åra hatt nokre ledige barnehageplassar utanfor sentrum.
- Me har i utgangspunktet opptak til ledige barnehageplassar gjennom heile året, og tildeler ledige barnehageplassar fortløpande. Fulle barnehagar, ut frå tal tilsette, gjer at me pr i dag i liten grad kan tilby plass til nye søkjarar i løpet av barnehageåret. Fleire av dei kommunale barnehagane er godkjent for fleire barn enn det går i barnehagane, men utfordringar i høve rekruttering og økonomi gjer at me vanlegvis ikkje opprettar fleire plassar i løpet av året. Me er avhengig av at barn sluttar i barnehagen for å få ledige plassar. Fråflytting er hovudgrunnen til ledige plassar i løpet av året, og dei fleste nye søknadar skuldast tilflytting.


Søkjarmasse til dei einskilde barnehagane



Diagrammet viser tal barn som har søkt den einskilde barnehage som fyrsteprioritet, for åra 2023, 2024 og 2025.

KAPASITET I DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE PÅ VOSS PER 15.12.2024

■ Tal barn 2024 ■ Ledige plassar 2024*



Kapasitet per 2024


Tabellen viser tal barn i 2024 og ledige plassar (arealkapasitet) i dag.

- Grøn søyle viser tal barn i barnehagen per 15.12.2024
- Raud søyle viser tal barn det er plass til i høve areal.

*Ut frå unyttet areal i barnehagen er det rekna ut tal ledige plassar. Barn under tre år skal ha 5,3 m², store barn skal ha 4,0 m. I utrekningane er det nytta gjennomsnitt areal per plassar 4,65

Barnehagedekning

- Diagrammet til venstre viser kor mange prosent av ungane på Voss som går i barnehage.



	2021	2022	2023	2024
Voss herad	92,3 %	94,5 %	93,8 %	93,7 %
Kinn	97,2 %	97,4 %	96,9 %	95,9 %
Stord	96,0 %	97,4 %	98,7 %	100,4 %
Aurskog-Høland (2020-2023)	89,8 %	92,8 %	91,7 %	
Kostragruppe 07	92,8 %	93,3 %	93,3 %	94,0 %



KVA ER KVALITET I BARNEHAGEN?

Mål for kvalitet og stoda i norske barnehagar

Udir sine sektormål for barnehagane i Noreg.

Sektormål for barnehage

- Alle har et godt og inkluderende leke- og læringsmiljø.
- Barn som har behov for det, får hjelp tidlig, slik at alle får utviklet potensialet sitt.
- Ansatte i kunnskapssektoren har høy kompetanse.
- Alle har god tilgang til relevante tilbud av høy kvalitet.

Stoda i norske barnehagar i dag

Dei tilsette, relasjonar barn - vaksne, moglegheiter til å dela barna i mindre grupper og tilgang til rettleiing, er alle moment som er med å bidreg til barnehagar av høg kvalitet. Sjølv om norske barnehagar er gode, er ikkje alt på topp.

- Det norske utdanningssystemet i dag har minst kompetanse rundt barna i den tida som betyr mest for deira utvikling. Det er difor sett som mål at 60% av dei tilsette i barnehagen skal ha barnehagelærerutdanning innan 2030.
- Tal søknadar til barnehagelærerutdanninga er nærast halvvert på få år.
- 50% av barnehagane oppgjer å ha full bemanning 4-5 timar per dag. Kun 13% oppgjer at dei har full bemanning 6, eller fleire timar.
- Betre bemanning, og tilsette med relevant kompetanse, vil kunna bidra til å førebygge psykiske plagar og bidra til sosial utjamning.

Kjelde:

- FHI (2018) [Forebygging blant barn og unge](#) s. 98
- Folkehelseinstituttet (2011) [Betre føre var...](#) s. 41
- Helse og omsorgsdepartementet (2023) [Opptrappingsplan for psykisk helse](#) s. 25
- Kunnskapsdepartementet (2021) [Barnehager mot 2030](#)
- Udir (2022) [Sektormål for barnehage](#)
- Samordna opptak (2024) [Faktanotat](#)

Kva er kvalitet i barnehagen?

Følgjande kjenneteiknar barnehagar av høg kvalitet:

Dei tilsette

- Tilstrekkeleg, godt utdanna, personleg eigna og stabilt personale, jf. pedagog- og bemanningsnorm.
- Tilsette som har kunnskap om barn si utvikling, barna sin trivsel, legg til rette for medverknad og evnar å ta barna sitt perspektiv.
- Felles målsetjingar og visjonar for det pedagogiske arbeidet ut frå rammeplanen sine føringar, verdigrunnlag og fagleg innhald.
- Dei tilsette i barnehagen får pedagogisk rettleiing som gjev dei tryggleik til å meistra arbeidssituasjonen, og møte med barna.
- God relasjon mellom barna og dei vaksne, og godt samarbeid mellom dei tilsette, og mellom tilsette og foreldre.

Pedagogisk innhald

- Barnehagen er ein del av utdanningssystemet, og ein grunnleggjande arena for barn si heilskaplege utvikling gjennom omsorg, lek, læring og danning.
- Varierte aktivitetar og leikemateriale. Uteleik, naturopplevingar og erfaringar i nærmiljøet vert trekt fram.
- Fokus på interaksjon og språk.
- God balanse mellom frileik og vaksenstyrte aktivitetar.

Organisering

- Organisering handlar om korleis tid, rom og ressursar vert organisert for å støtta barn sin lek, læring og trivsel.
- Klar leiing av dei tilsette, med strukturering av dagen.
- Felles mål og retning for det pedagogiske arbeidet.
- Moglegheit til å ha mindre grupper, både for lek og aktivitet.
- For dei minste barna er det særleg viktig med stabile vaksne, og tilvenning tilpassa barna sine behov.

Kjelde:

- FHI (2011) [Betre føre var...](#)
- FHI (2018) [Forebygging blant barn og unge](#) s. 55
- Universitetet i stavanger, GoBarn (2019) [Kvalitet i barnehagen](#)
- Udir (2017) [Rammeplan for barnehagen](#)

Struktur- prosess- og resultat kvalitet

Udir forklarer kvalitet i barnehagen og skulen ved å dela opp i tre ulike former for kvalitet: Struktur- prosess- og resultat kvalitet.

Graden av prosesskvalitet i barnehagen legg til rette for, eller avgrensar, resultat kvaliteten. Med andre ord, gode relasjonar og samhandling mellom vaksne og barn (prosesskvalitet), er avgjerande for barn sin trivsel og utvikling (resultat kvalitet).

Det er rammene (strukturkvalitetane) rundt barn og tilsette som enten bidreg til, eller avgrensar, moglegheita til å kunna oppnå prosesskvalitet. Sjølv om god strukturkvalitet ikkje gjev nokon garanti for at barn trivst og utviklar seg, vil det auka moglegheita for å oppnå god prosess- og resultat kvalitet.

Strukturkvalitet	Prosesskvalitet	Resultat kvalitet
• Personaltettleik • Kompetanse • Inne- og utearealet • Gruppestørrelse	• Lyttande og omsorgsfullt samspel mellom barn og vaksne • Godt samarbeid heim – barnehage	• Barn sin trivsel • Barn si språklege-, kognitive- og sosiale utvikling

Strukturkvalitet

Strukturkvalitet viser til dei ytre føresetnadane, eller rammene rundt barnehagen. Dette kan mellom anna handla om fysiske tilhøve, som bygningar eller uteområde, om menneskelege ressursar, dei tilsette sin kompetanse og vaksentettleik. Vidare kan det handla om barnehagen si organisering og kommunen sin økonomi.

Strukturkvalitet
• Personaltettleik • Kompetanse • Inne- og utearealet • Gruppestørrelse

- Kjelde:
- Udir (2024) [Kva er kvalitet?](#)
 - Udir (2024) [Analyse Brett](#)
 - IRIS til Kunnskapsdepartementet (2011) [Barnehagens organisering og strukturelle faktorerens betydning for kvalitet](#)

Strukturkvalitet på Voss

18

Personaltettleik. Det er vedteke nasjonale reglar i høve bemanning i barnehagen, jf. Lov om barnehager.

Ressursane i barnehagen vert fastsett ut frå tal barn, og samansetjinga av kor mange store og små barn det er i barnehagen.

Kompetanse. Det er hovudsakleg tre yrkesgrupper som arbeider i barnehagane; barnehagelærarar, fagarbeidarar og assistentar. Me erfarer auka vanskar med rekruttering av barnehagelærarar i heile heradet, men dei største utfordringane er ute i grendene. Tal frå 2024 viser at Tueteigen-, Kløve-, Evanger-, Hauge- og Bulken barnehage, ikkje stettar pedagognorma. Per mai 2025 manglar barnehagane på Voss 11 barnehagelærarar. Ved oppstart barnehageåret 2025/2026, mangla det totalt 8 pedagogar i barnehagane Mønshaugen-, Bjørgamarka-, Evanger-, Bolstad-, Kløve-, Bordalen- og Sundve FUS barnehage. Erfaring tilseier at det vil koma fleire søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet i løpet av året, som følgje av mellom anna foreldrepermisjonar.

Inne- og utearealet. Det er stor skilnad i kvalitet på inne- og uteområda til dei ulike barnehagane i heradet. Nokre barnehagar er relativt nye og har lokale som er tilpassa barnehagedrift, medan andre barnehagar har behov for omfattande oppgraderingar. Foreldreundersøkinga frå 2023 viser at dette er eit område me skårar lågt på, med eit snitt på 3,7 (kommunale barnehagar i landet elles har ein snittskår på 4,1)

Gruppestørleik. I rapporten til Kunnskapsdepartementet (2011) vert det vist til at kvaliteten i barnehagen er best når det er om lag 60 barn i barnehagen. Voss herad har i dag berre to barnehagar som er i denne storleiken, Tueteigen- og Bjørgamarka barnehage, med rundt 50 barn. Voss- og Klausabakken barnehage er størst, med over 100 barn. Resterande barnehagar har barnegrupper på mellom 12-32 barn. Til samanlikning har ei ordinær småbarnsgruppe 14 barn og ei storbarnsgruppe 18 barn.

Prosesskvalitet

Prosesskvalitet
• Lyttande og omsorgsfullt samspel mellom barn og vaksne • Godt samarbeid heim – barnehage

I lov om barnehager, § 3., står det mellom anna at i alle handlingar og avgjerer som gjeld barn i barnehagen, skal kva som er best for barnet vera eit grunnleggande omsyn.

Alle barn i barnehagane på Voss skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø fri for krenking og mobbing. Barnehagen skal jobba førebyggjande for å sikra at alle barn har eit trygt og godt barnehagemiljø ved å kontinuerleg arbeida med å fremja helse, trivsel, leik og læring. Alle tilsette i barnehagen skal følgja med på korleis barnet har det i barnehagen.

Gode relasjonar mellom barn og vaksne er avgjerande for at barn trivest og utviklar seg i barnehagen. I foreldreundersøkinga for barnehagane på Voss, (2023) viser måleindikatorar «*Relasjon mellom barn og vaksne*» 4,3, ein nedgang frå 4,5 i 2021.

**Foreldreundersøkinga har ein skår frå 1 – 6.*

Kjelde:

- Udir (2024) [Kva er kvalitet?](#)
- Udir (2024) [Analysebrett](#)
- IRIS til Kunnskapsdepartementet (2011) [Barnehagens organisering og strukturelle faktorerers betydning for kvalitet](#)

Resultatkvalitet

Resultatkvalitet
• Barn sin trivsel • Barn si språkleg- kognitiv- og sosial utvikling

Resultatkvalitet seier noko om kva ein ynskjer å oppnå. For både barnehage og skule, er ein av grunnpilarane at ein skal utjamna sosiale forskjellar og gje barna våre dei beste føresetnader for å kunne bli sjølvstendige individ.

Barnehagen skal ivareta barna sine behov for omsorg, leik, danning og læring. Barnehagen skal fremja vennskap, fellesskap, kommunikasjon og språk.

Resultat frå Foreldreundersøking i heradet, viser ein høg skår i høve til «*Barnet sin trivsel*», 4.7 og «*Barnet si utvikling*», 4.5. I høve «*Barnet si utvikling*» er det ein liten nedgang frå 2021, då snitt-skåren var på 4,7.

God trivsel og utvikling i barnehagen er med på å gjera barna godt rusta til skulestart. Det å gå i ein barnehage av høg kvalitet kan òg virka som ein buffer mot risikofaktorar som sosial utstøytning og segregering.

**Foreldreundersøkinga har ein score frå 1 – 6.*

Kjelde:

- Udir (2024) [Kva er kvalitet?](#)
- Udir (2024) [Analyse Brett](#)
- Folkehelseinstituttet (2011) [Betre føre var...](#)
- IRIS til Kunnskapsdepartementet (2011) [Barnehagens organisering og strukturelle faktorerers betydning for kvalitet](#)

Barnehagestørrelse og kvalitet I

I 2011 fekk Kunnskapsdepartementet rapporten «Barnehagens organisering og strukturelle faktorars betydning for kvalitet». I rapporten vert det vist til at kvaliteten i barnehagar er best når det er om lag 60 barn i barnehagen. Barnehagar av denne storleiken «evnar å kombinere det trygge og etablerte erfaringsgrunnlaget med nye tankar om barnehageorganisering og pedagogikk». I ein barnehage av denne storleiken vil det vera fleire tilsette pedagogiske leiarar, i tillegg til styrar i barnehagen. Det gjer til at dei tilsette får eit godt fagleg fellesskap. I tillegg er barnehagar av denne storleiken generelt meir robust når det kjem til sjukemeldingar og stabilitet i personalgruppa, noko som er av stor tyding for kvaliteten i barnehagen og tryggleiken til barna.

På den andre sida, er det andre forskarar som meiner at størrelse ikkje har noko å seia for kvaliteten, og at det er andre faktorar som kan spela like store roller.



Kjelde:

- Barnehage.no (2022) [Dette vet vi om barnehagens størrelse og kvalitet](#)
- IRIS til Kunnskapsdepartementet (2011) [Barnehagens organisering og strukturelle faktorers betydning for kvalitet](#)

Barnehagestørrelse og kvalitet II

I Fafo-rapport 2015:48 – *Har barn det bra i store barnehager?*, konkluderer dei med at størrelse i seg sjølv ikkje avgjer kvaliteten på barnehagen. Størrelsen spelar saman med andre strukturelle faktorar som organisering, leiging, eigarskap, tilsette sin kompetanse og arbeidsstil. Til saman er det desse faktorane som skapar føresetnad for å skapa kvalitet i relasjonar og resultat.

Samarbeidsrapporten frå IRIS; *Barnehagenes organisering og strukturelle faktorerers betydning for kvalitet*, finn at dei mellomstore barnehagane kjem «heldigast» ut i studien. Dette fordi dei synest å vera store nok til å sikra fagleg utvikling for personalet, og små og oversiktlige nok til å vareta trygge rammer for barna.



«Størrelse er ikke kvalitetsnøkkel, det handler om de ansatte. I de store barnehagene har vi god drift, høy grad av tilfredshet, opplever at veldig mye fungerer godt. Vi har også noen store som ikke gjør det. Det handler om ledelse, tydelig ledelse, tydelig personalforvaltning, men med høy grad av tillit. Vi har like store utfordringer i små som store barnehager. Vi opplever at dette handler om folkene, og ikke byggets størrelse»

Kjelde:

- Bråten, Hovdenak m. fl., Fafo-rapport 2015:48 - [Har barn det bra i store barnehager?](#)
- Vassenden, Thygesen m.fl., Rapport IRIS-2011/029 -[Barnehagens organisering og strukturelle faktorerers betydning for kvalitet](#)
- Hernes, Myrvold, Gulpinar m. fl., Oslo Met (2021) [Mulighetenes barnehage-om kvalitet i Oslo sine barnehager](#)

Barnehagestørrelse og stress hjå barna

Nokre foreldre er uroa for at større barnehagar fører til meir stress for barna. Administrasjonen har difor søkt å finna ut kva ein finn i forskingslitteraturen om dette.

Det er gjort fleire undersøkingar kring barn og grad av kortisol (stresshormon) i barnehagar, både norske og internasjonale. Særleg har det vore bekymring for dei minste barna i barnehagen. I artikkel frå Drugli et.al. (2017), skriv dei følgjande:

I tidligere studier har man funnet en sammenheng mellom økt cortisolnivå i barnehagen og følgende faktorer: barnets temperament, alder, dårlig barnehagekvalitet, lav skåre på sensitivitet hos personalet, store barnegrupper (over 15 barn), stor aldersforskjell mellom barna og lite areal (Groeneveld mfl., 2010; Legendre, 2003; Vermeer mfl., 2010). Videre har en studie funnet at barn fra høyrisikofamilier hadde lavere nivå av cortisol i barnehagen enn hjemme (Berry mfl., 2014).

Hovudfunnet i deira forskning er at dei små barna, med lange dagar i barnehagen, har høgare grad av kortisol i barnehagen enn når dei er heime. Dei nemner ikkje størrelsen på barnehagen.

På den andre sida finn finske forskarar at «heimebarna», dei som ikkje er i barnehagen, hadde høgare kortisolnivå enn barnehagebarn gjennom dagen. Stikk i strid med det dei forventa å finna. Dei finske forskarane fann nokre punkt som mogleg kan vera med å forklara dette: Barnehagemødrene hadde litt høgare utdanning enn dei som var heime, og i ei lita gruppe «heimebarn», som hadde høge og svingande kortisolnivå, hadde mødrene oftare depresjonssymptom.

Drugli medverkar også i artikkelen til Borgan, og kjem med ei viktig presisering:

[...Forskningen på kortisol har også en annen svakhet. Ingen vet sikkert hvor høyt nivået må være for at det skal påvirke barn negativt.

– Vi vet ennå ikke om det er skadelig stress eller om det bare er stress som bidrar til læring, sier Drugli.

– Det er nesten helt sikkert ikke såkalt giftig stress, men vi vet ikke om det likevel kan føre til sårbarheter på sikt.

Kjelde:

- Borgan (2023) [Fant mer stresshormon hos barn som var hjemme enn hos dem som gikk i barnehage](#)
- Drugli et.al. (2017) [«Små barn med lange dager har et høyere stressnivå i barnehagen enn hjemme»](#)

Barnehagestørrelse - sjukefråvær og turnover

Nokre foreldre er uroa for at større barnehagar fører til auka sjukefråvær og turnover blant dei tilsette, og at dette vil gå ut over kvaliteten. Administrasjonen har difor søkt å finna ut kva ein finn i forskingslitteraturen om dette.

I høve **turnover** finn ein følgjande i IRIS-rapporten, frå 2011:

[...Når det gjelder stabilitet i personalgruppen fant vi ingen grunn til å konkludere med at størrelse har betydning...]

Noko dei derimot fann, var at assistentar ofte har lengre fartstid enn pedagogiske leiarar. Altså at dei blir verande innanfor barnehageyrket i lengre tid enn sine utdanna kollegaer.

I høve **sjukefråvær** og vikarbruk, viser undersøkingane gjort i Fafo-rapporten (2022) litt ulike funn. Enkelte studiar viser at større barnehagar har moglegheit til å dekkja opp fråvær med mindre bruk av vikarar, medan små barnehagar viser tendensar til å ha lågare sjukefråvær. Vidare peikar dei på at andre tilhøve òg spelar ei rolle, spesielt har dei trekt fram at ein styrar som er til stades, bidreg til stabilitet i personalet og lågare sjukefråvær.

I IRIS-rapporten frå 2011 står det derimot at sjukefråværsprosenten er klart høgare, di større barnehagen er, men at årsaka er usikker. Vidare finn dei at nyetablerte barnehagar ofte er større enn eldre barnehagar. Desse barnehagane er òg oftare avdelingsfrie, og har tilsette med kortare fartstid i barnehagebransjen. Om ein skal tolka funna, kan det tenkjast at tal nyutdanna og organiseringa av barnehagen, kan spela ei rolle, og at størrelsen berre er ein av komponentane som fører til sjukefråvær.

Administrasjonen har gått gjennom sjukefråværet i barnehagane på Voss, for åra 2023 og 2024. Ein kan ikkje finna noko mønster som tilseier at det er meir sjukefråvær i dei store barnehagane enn i dei små. Det vert presisert at Voss herad har berre to barnehagar som går inn i stor-kategorien, Voss- og Klausabakken barnehage.

Kjelde:

- Barnehage.no (2022) [Dette vet vi om barnehagens størrelse og kvalitet](#)
- IRIS til Kunnskapsdepartementet (2011) [Barnehagens organisering og strukturelle faktorerers betydning for kvalitet](#)




KOMPETANSE OG BEMANNING

Pedagog- og bemanningsnorm

Barn per barnehagelærer


Fargene viser om barnehagen oppfyller pedagognormen. Grønn = oppfyller, Grå = oppfyller med disp., Rød = oppfyller ikke.



2024, Voss, Kommunal

Barn per ansatt


Fargene viser om barnehagen ligger over eller under bemanningsnormen. Grønn=under, Rød=over.



2024, Voss, Kommunal

- Tueteigen oppfyller ikkje pedagognorma.
- Kløve, Evanger, Hauge og Bulken har dispensasjon for utdanningskravet som barnehagelærer i 2024/2025.
- Per mai 2025 mangla Vossabarnehagen 11 barnehagelærarar fordelt på 7 barnehagar
- Barnehageåret 2025-2026 startar med dispensasjon frå utdanningskravet i Björgamarka-, Evanger-, Kløve barnehage og Bordalen-, Mønshaugen og Sundve FUS barnehage, som er private barnehagar. Totalt manglar me 8 pedagogar i barnehagane ved inngangen til nytt barnehageår. Erfaring tilseier at det vil koma fleire søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet i løpet av året, som følgje av mellom anna foreldrepermisjonar.
- Til høgre ser ein tal barn per tilsett. Det er til dels store skilnader på vaksentettleiken i dei ulike barnehagane
- I gjennomsnitt er det 5,3 barn per tilsett i barnehagane på Voss


Dei tilsette si utdanning



Oversikta viser kva utdanning dei tilsette i barnehagane på Voss har. I denne samanstillinga er både kommunale og private barnehagar tatt med.


- Majoriteten har barnehagelærerutdanning
- Voss herad har noko høgare del barnehagelærarar enn snittet i landet elles.
- Voss herad har betydeleg færre barne- og ungdomsarbeidarar, men ei større gruppe tilsette som har annan fagarbeidar-bakgrunn

Figur 3.10: Banehagelærerutdanningen – nøkkeltall i hovedopptaket de siste ti årene



Tilgjengeleg kompetanse framover

- Tabellane viser nøkkeltal frå hovudopptaket til barnehagelærerutdanninga dei siste 10 åra.
- Den lilla linja viser tal søkjarar som får tilbod om plass. Frå 2021 og fram til i dag, har det vore nær ei halvering av studentar som takkar ja til plass på utdanninga.
- Førebels tal frå [samordna opptak](#), for 2025 viser ytterlegare nedgang i «Søknader førstevalg». Den ligg no på 2 153. På eitt år har 370 færre personar hatt barnehagelærerutdanning som fyrsteval.



Tilsette som går av med pensjon

(gjeld kommunale barnehagar)

- Oversikta til venstre viser tal tilsette (fast tilsette) som vert 67 år, i perioden 2026 – 2045. Dette gjev oss eit bilete på kva kompetanse me treng i løpet av dei neste 20 åra, då dagens tilsette går av med pensjon.
- Mediallder på tilsette er 43 år (født i 1982).
- Til saman vil 59 fast tilsette gå av med pensjon i den neste 20-års perioden.
- Tradisjonelt har mange tilsette i barnehage gått at med AFP. Av erfaring veit me at dei færraste står i jobben som barnehagetilsett ut heile yrkeskarrieren, mellom anna grunna muskel- og skjelettplagar.


Sjukefråvær

Diagrammet viser alt sjukefråvær i alle barnehagane, både eigenmeldingar og legemeldt sjukefråvær.

Sjukefråværet i barnehagane er tidvis svært høgt. Ser ein til diagrammet til høgre, er 1. kvartal, ein gjengangar (høgast) når det gjeld fråvær.

Sjukefråværet varierer frå barnehage til barnehage per kvartal, og det er høgt og lågt fråvær både i store, mellomstore og små barnehagar. Legemeldt sjukefråvær over 17 dagar, har høgast prosentdel fråvær. Kortidsfråværet ligg frå 1,4 til 1,9%

Samla sjukefråvær for alle barnehagar i 2024 er 14,5%. I 2023 var samla sjukefråvær på 11,9%



For å få eit inntrykk av korleis bemanningssituasjonen i dei kommunale barnehagane er i dag, har administrasjonen bede styrarane gjere ei vurdering:

«Sjå barnehageåret 2024/2025 under eitt. I snitt, kor mange timar brukar de i kva einskild barnehage, for å sikra ei forsvarleg bemanning (få tak i vikarar osv.)»

Ser ein på barnehagane samla, brukar dei i gjennomsnitt kring 6 timar i veka, dette svarar til ein 16% stilling.


Totalt vert det såleis bruk i underkant av 2 årsverk (176%) i barnehagen, berre for å sikra forsvarleg bemanning. I tillegg vert det utført arbeid kring dette i administrasjonen i oppvekst, mellom anna til vikarliste.

Bemanningssituasjonen i barnehagane i dag

1. Sjå barnehageåret 2024/2025 under eitt. I snitt, kor mange timar brukar de i kva einskild barnehage, for å sikra ei forsvarleg bemanning (få tak i vikarar osv).


[Flere detaljer](#)

● 1 time eller mindre i veka	3
● 2 - 3 timar i veka	0
● 4 - 5 timar i veka	2
● 6 - 7 timar i veka	2
● 8 - 9 timar i veka	2
● 10 timar eller meir	2





ØKONOMI



Kostnad per barn i dei kommunale barnehagane

Diagrammet viser kostnad per barn i dei ulike kommunale barnehagane. Beløpet er rekna ut frå 201 – Drift, og inneheld ikkje utgifter knytt til bygg eller styrkt barnehagestilbod (§§ 31 og 37).


- I 2023 kosta ein barnehageplass i snitt 173 714,-
- I 2024 kosta ein barnehageplass i snitt 189 362,-

NB! Grunna feilrapportering knytt til ein stilling kom Bolstad ut med for høg snittpris per barn i førre sak. Tala er no justert.

Tal barn per barnehage (2024)

34

Tal born per kommunal barnehage



Kostnadsnivå og barnehagestruktur – Teneste 201 Barnehage

- Netto driftsutgifter per innbyggjar i aldersklassen 1 – 5 år, viser kva det kostar per barnehageplass i Voss herad
- Kostnaden bør stå i eit visst forhold til barnehagestrukturen
- Samla netto utgift til barnehage var ca. 214 426 kr per born i 2021, noko som er om lag 6 000 kroner meir enn gjennomsnittet i Kostragruppe 7.
- Per 2024 er denne differansen nesten nulla ut. Heradet ligg faktisk litt under snittet til Kostragruppa.

Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).

**) Graf er justert med utgiftsbehov



	2021	2022	2023	2024
Voss herad	214 426	208 876	220 612	223 141
Kostragruppe 07	208 843	205 953	221 266	223 237
Aurskog-Høland	198 752	209 594	229 642	234 288
Ørsta	207 228	218 082	227 533	232 700
Alver	227 801	240 336	248 573	240 822
Kongsvinger	215 465	232 453	234 640	230 994

Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent) 2024





MEDVERKNAD


BARN, FORELDRE OG TILSETTE

Medverknad for tilsette

18. juni 2025 vart det gjennomført workshop for styrarane og dei plasstillitsvalde. Her såg ein på korleis barnehagestrukturen i Voss herad skal sjå ut i framtida, og fekk innspel til kva ein kan gjera for å få økonomisk gevinst i 2027.

Deltakarane fekk utlevert kart som viser kvar barna på Voss bur, oversikt over barnetal i alle barnehagane og tilgjengeleg kapasitet i den einskilde barnehage. Dei vart bedne om å utarbeida alternative barnehagestrukturar, der dei måtte ta høgde for endringar i skulestrukturen og såleis sjå på kva moglegheiter dette kunne gje.

Deltakarar: Styrarar og plasstillitsvalde i alle kommunale barnehagar.



Medverknad for FAU, foreldre og barn

Administrasjonen har vurdert at barn i barnehagen er for små til å kunna forstå kva dei medverkar i, når det gjeld barnehagestruktur. Medverknad skjer såleis gjennom foreldre, samstundes som me tek med oss innspel frå barn om kva som er viktig for dei, jf. Medverknadsprosessar i *Vossaklima* og *Tidleg innsats og livsmeistring*


3. juni 2025 vart det gjennomført felles FAU-møte for alle dei kommunale barnehagane. I tillegg var folkevalde frå Formannskapet invitert. Representantane fekk noko informasjon om mandatet til administrasjonen, samt kva utfordringar ein ser. Deretter arbeidde dei i grupper for dei einskilte barnehagane.

I etterkant vart det gjennomført ei Menti-undersøking, der ein spurte om:

1. Kva er det viktigaste med barnehage, for barnet ditt?
2. Kva er det viktigaste med barnehagen, for deg som forelder?
3. Kva er ein god barnehage for deg?
4. Har du innspel til korleis me i framtida kan få robuste og berekraftige barnehagar?

Svara frå FAU i sin heilskap kan lesast i saka, ei oppsummering finn du i barnehageportretta.






Medverknad for politikarar

11. juni 2025 vart det gjennomført medverknad for politikarar i Utval for levekår og Formannskapet.

Til liks med styrarane, rektorane og dei tillitsvalde, fekk politikarane utlevert kart som viser kvar barna på Voss bur, oversikt over elev- og barnetal, samt tilgjengeleg kapasitet på den einskilde barnehage og skule. Dei vart bedne om å utarbeida alternative barnehage- og skulestrukturar.

Deltakarar: Folkevalde i Formannskapet og Utval for levekår, samt tilsette i oppvekst og planavdelinga

Foreldreundersøking på Vossestrand I



Som resten av Voss herad, består Vossestrand av fleire ulike grender. Det er til dels lange avstandar, og ikkje noko tydeleg sentrum der ulike tenester er samla.

Uavklara situasjon kring Sundve FUS barnehage har gjort utgreiinga på Vossestrand krevjande. For administrasjonen har det vore viktig å undersøkje kva preferansar foreldra på Vossestrand har, slik at ein på best mogleg måte kan leggja til rette for eit stabilt og berekraftig barnehagetilbod i nord.

Undersøkinga vart distribuert til foreldra gjennom styrarane i Hauge- og Sundve FUS barnehage, og var tilgjengeleg i perioden 27.6 – 28.7.2025. Totalt var det 46 foreldre som svara på undersøkinga.

Foreldreundersøking på Vossestrand II


1. TENKT SENARIO: Kommunen har bygd ny barnehage på Oppheim, i den gamle skulen. Kvar ville du valgt barnehage til barnet ditt? Ranger dei tre alternativa frå 1. til 3. prioritet

46 Svar

Rangering Alternativer


Rangering	Alternativer
1	Sundve FUS barnehage
2	Oppheim barnehage
3	Mot Voss sentrum/ ein annan stad

Første valg Siste valg




2. TENKT SENARIO: Hauge og Sundve FUS barnehage er lagt ned, og kommunen har bygd ny barnehage på Oppheim, i den gamle skulen. Kvar ville du valgt barnehage til barnet ditt?

Mot sentrum/ Ein annan stad	18
Oppheim barnehage	28



3. TENKT SENARIO: Hauge barnehage er lagt ned, Sundve FUS barnehage består. Kvar ville du valgt barnehage til barnet ditt?

Sundve FUS barnehage	37
Mot sentrum/ ein annan stad	6



NB! På spørsmål 3 er det kun 43 av 46 foreldre som har svara.